



Terje J. Ledahl as
Nordnesveien 21
5005 BERGEN

Referanser:
Dykkar: Terje Ledahl
Vår: 15/117 - 15/1248

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

22.01.2015

Referat frå formøte - mulig reguleringsplan på eigedom 8/5 - Vollo

Det vart 21.01.2015 halde formøte på vårt kontor for å avklare eventuell oppstart av reguleringsplan for eigedom 8/5. Dette fordi det er ytra ynskje om å omdisponere eksisterande barnehage,(tidlegare skule), til 8 leilegheiter, kontor og lagerlokale.

Desse møtte:

Mogeleg forslagsstillar: Terje J. Ledahl as
Tiltakshavar: Bjørn Skarsvåg
Frå administrasjonen: Merete Tvedt, Tore Johan Erstad og Anne-Lise Olsen

Kort orientering frå administrasjonen:

Administrasjonen orienterte om at eigedom 8/5 i eksisterande kommuneplan ligg i LNF-område, og orienterte vidare om at arbeidet med rullering av kommuneplanen ikkje har ført til endra formål her, og at dette arbeidet ikkje er avslutta. Planlagt endring medfører etter administrasjonen si vurdering eit plankrav etter Plan- og bygningslova (pbl) kap. 12.

Orientering frå kundar:

Terje J. Ledahl orienterte om at dei i utgangspunktet ynskjer å utarbeide eit forslag for ein enklare plan som omfattar plankart og føresegner, utan Ros-analyse og utan vurdering av naturmangfald mm. Dei kan vurdere å planlegge fortau frå fylkesvegen og fram til eigdommen.

Drøfting:

Administrasjonen påpeika at ein plan som her er ønska, nok vil generere eit behov for betre infrastruktur, og då særleg gang- og sykkelveg fram til skule og sentrum. Administrasjonen meinte difor at dersom ein skulle kunne fremje noko plan her så ville det krevje ei konsekvensutgreiing jf. pbl § 4-2. Frå administrasjonen si side så vart det eit spørsmål om ein kunne vere positiv til ønska

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

plan i det heile, sidan arbeidet med kommuneplanrulling ikkje har konkludert med auka byggeaktivitet i dette området.

Kommunen har i dispensasjonssak av 15.10.2013 gjeve dispensasjon slik at bygget kan omdisponerast til bustadføremål for inntil 2 bueiningar, eventuelt kombinert med næringsføremål tilknytt ei av bueiningane.

Ein vurderte i denne saka at 2 bueiningar var nok, og administrasjonen rår no til at ein ikkje går i gang med planarbeid når administrasjonen tvilsomt kan vere positive.

Administrasjonen var i møtet her opptatt av at kundane får eit rett forventningsnivå, og ønskjer difor å vere klare på tilbakemeldinga når ein finn det vanskeleg å tilrå ein plan som her er ønska.

Kundane ønska derimot at administrasjonen ville vere positiv til eit planforslag som dei her skisserte, og at det var eit viktig poeng at dei ynskjer å ta vare på eksisterande bygg og setje dette i god stand. Dei ser likevel problemet med å få gjennomført ein planprosess i dette området, og vil etter dette kome attende med ein ny søknad om dispensasjon der dei vil søkje om 4 bueiningar.

Administrasjonen påpeikar at dispensasjonsvedtaket som vart gjort 15.10.2013 er rimeleg nytt, og at det bør presiserast ei ny grunngjeving når ein no vil søkje om dispensasjon for 4 einingar.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
plankonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Merethe Tvedt
Tore Johan Erstad

Mottakere:

Terje J. Ledahl as

Nordnesveien 21 5005

BERGEN